

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Fylkesutvalet

Sløvåg, 28.8.2018

#### FARE FOR KUTT I FERJETILBUDET PÅ FENSFJORDEN.

Næringslivet i Ytre Gulen har med stor uro registrert oppslag i avisa Strilen denne veka at det kan bli aktuelt å kutte i avgangar på Fensfjorden når dei nye anbuda skal opnast der i 2020.

Både næringslivet her og Gulen kommune har ved fleire høve argumentert for fleire avgangar og ikkje ferre. Næringslivet i Sløvåg, Skipavika og på Byrknesøy har stor aktivitet og er i vidare utvikling. Vi har trong for kommunikasjon ikkje berre på dagtid, men også tidlege morgonar til langt på natt.

I november 2017 sendte vi brev til Hordaland Fylkeskommune om kor viktig den planlagde Masfjordbrua vil vere også for næringslivet i Ytre Gulen. Dette vart også formidla til Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Gulen kommune. Når no Hordaland Fylkeskommune og Skyss ynskjer å kutte i ferjetilbuda på Fensfjorden, evt. også over Masfjorden ja så er det på nytt påkrevande at Masfjordbrua vert bygd snarast råd. Brua vil gje oss døgntinuerleg høve å sende varer og tjenester ut og inn, samt rekke tidlege og seine flyavgangar på Flesland. Omkjøring via Romarheim er lang og svært risikoutsett både i høve vinterføre og andre trafikale hendingar. På same måte vil våre arbeidstakarar frå Bergen og Nordhordland kunne bu der og jobbe her.

Vi viser til innhaldet i vårt brev frå 5.11.2017 om næringslivet i Ytre Gulen som stadig er like dagsaktuelt. No ber vi Sogn og Fjordane Fylkeskommune snarast råd ta initiativ ovanfor sine kommande kollegaer frå Hordaland for å sikre ein god og framtidretta kommunikasjon frå Ytre Gulen til Nordhordland og Bergen. Dette kan gjerast ved eit snarleg vedtak om å starte opp prosjektet med Masfjordbrua og å oppretthalde i fyrste rekkje dei tidlege avgangane på ferjesambandet Leirvåg – Sløvåg slik at arbeidsmarknaden her kan vidareutvikle seg. Regionen Knarvik – Mongstad – Ytre Gulen har eit næringsliv som har mykje samanfallande aktivitet og ein felles bu og arbeidsmarknad.

Vi håper det nye fylket Vestland vil dra nytte av utviklinga i vår region, men då må vi og få på plass viktig infrastruktur på tvers av fjordane her.

Vi håper på positiv dialog kring dette vidare.

Med helsing

Norva 24 as

*Kenneth Birkeland / Sølvy Birkeland*

Birkeland Entreprenørforetning as

*Håvard Birkeland*

Firda Seafood as

*OLE BRAANAAS*

Skipavika Næringspark as

*DAES HELVANDSØY*

Skipavika Terminal as

*S. B. B.*

Gulen og Masfjorden Utvikling

*Ragnhild Understen*

BKK Nett AS

*Leifert. Tinn. Nord*

SafeClean AS

*Janing Soreide*

Basor Norge AS

*Kjetil Hansen*

Kvingo Nærkjøp AS

*Tine Ekren*